



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann - Lindås - 170/4 - Vatne - oppretting av bustadeigedom - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 12.02.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen for frådelling av ny bustadtomt med etablering av ny tilkomstveg.

Det vart gjeve administrativt avslag på søknad om frådelling i vedtak datert 05.07.2019 i sak 18/2081 i tidlegare Lindås kommune.

Avslaget på søknad om frådelling av ny bustadtomt med etablering av ny tilkomstveg vart påklaga av tiltakshavar innan rett tid den 25.07.2019.

Plan- og miljøutvalet i tidlegare Lindås kommune gav i møte dem 30.10.2019, sak 112/19, klagar medhald og det vart gjeve dispensasjon for frådelling av bustadtomt med etablering av ny tilkomstveg.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 26.11.2019.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 05.02.2020, i sak 016/20, og klaga vart ikkje teken til følge.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Jan Ole Seim Vardane 119 B 5911 Alversund
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG